

Symjeskulekoordinator

Ytre Søre Sunnmøre Symjeklubb (YSSS) er ein klubb for kommunane på Ytre Søre Sunnmøre; Hareid, Herøy, Sande og Ulstein. YSSS ynskjer å gi eit tilbod til alle som likar å vere i vatn, både dei som vil konkurrere aktivt og dei som vil symje for å trene og ha det kjekt.

YSSS er for tida i vekst og medlemstalet har dobla seg siste par åra. Vi opplever no stor etterspurnad for symjekurs og er opptatt av å skape gode rammer for deltakarane på kurs og alle føresette – legge til rette for meistring, tryggleik og fellesskap.

I 2021 gjennomførte vi 30 kurs og hadde over 260 deltakarar på kurs, dette i stor grad gjort på dugnad. For å vidareutvikle aktivitet, sikre kontinuitet og profesjonell drift ynskjer vi no å rekruttere ein Symjeskulekoordinator i ei inntil 30% stilling for å bygge bru mellom kursaktiviteten vår og det strategiske arbeidet i Styret i YSSS.

Arbeidsoppgåver:

- Dagleg drift av YSSS Symjeskule;
- Planlegge, koordinere og følge opp kursaktivitet på alle lokasjonar (Ulstein, Hareid, Herøy);
- Overordna ansvar for førebuing og gjennomføring av kurs frå annonsering, betaling, kommunikasjon med deltakarar, instruktørteam og føresette;
- Rekruttering, kommunikasjon, koordinering, planlegging og oppfølging av instruktørar, inkludert å legge til rette, gi råd og følgje opp instruktørutdanning, oppfølging mht politiattestar, utbetaling av honorar, osv;
- Vere oppdatert på retningslinjer og nyheiter i Norges Svømmeskole og Norges Svømmeforbund;
- Dialog med flyktingtenesta i relevante kommunar for planlegging og tilpassing av kurs;
- Etablere tettare dialog med skulekontora i relevante kommunar for potensielt samarbeid;
- Etablere og kommunisere rutiner for Symjeskulen, inkl avvikshandtering, risikovurdering, timeføring etc,
- Stille som instruktør/trenar ved behov;
- Oversikt over utstysbehov, planlegge for innkjøp.;
- Søke relevante støtteordningar i dialog med Styret;
- Budsjettplanlegging og rapportering til Styret i YSSS
- Opparbeide kjennskap til systema som nytta til ei kvar tid (tryggivann.no, spond);
- Skape tryggleik og trivsel, inkludere og sikre at alle blir godt ivaretatt.

Kvalifikasjonar:

- Blid og serviceinnstilt, trivs ilag med andre mennesker,
- Du er ansvarsfull, strukturert og kan jobbe både på lag og sjølvstendig,
- Du respekterer og motiverer andre, er ein lagspelar og skaper effektive samarbeidsforhold,
- Du ser moglegheiter, er fleksibel og løysingsorientert,
- Du meistrar norsk muntleg og skriftleg,
- God kjennskap og forståing for digitale verktøy,
- Erfaring med leiing/prosjektleiing, budsjettoppfølging er ein fordel,
- Sertifikat for bil og tilgong til bil,

Vi tilbyr:

- Spannande moglegheiter i ein ung klubb i sterk vekst,
- Eit solid, erfarent, og dedikert team av ressurspersonar,
- Gratis instruktørutdanning, inkludert fyrstehjelp og livredning,
- Lønn etter avtale,

Syns du dette høyses spennande ut, har lyst å bidra inn ei ein ung klubb i sterk vekst, brenn for at born og unge skal bli trygge i vatn og framtidige livreddarar? Send ein søknad med CV til nestleiar@ysss.no med kopi til styreleiar@ysss.no innan 28. Februar 2022.

Dersom du har spørsmål, ta kontakt på nestleiar@ysss.no.